



Oddvar Berge

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2021 - 15/20681

Saksbehandlar:

Merethe Tvedt

merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:

17.11.2015

Avslutta sak- Fjerning av mellombels bru og kum i vassdrag - gbnr 42/36, 143 på Eikeland

Administrativt vedtak. Saknr: 415/2015

SAKSUTGREIING:

Administrasjonen viser til vårt brev av 6.7.2015 Førehandsvarsel om retting av tvangsmulkt etter plan- og bygningslova- Fjerning av mellombels veg/bru og kum i vassdrag, og dykkar orientering av 20.10.2015 om at tiltaket er fjerna. På bakgrunn av sistnemnde brev vurderer administrasjonen tiltaket som retta, og ulovlegheitssaka etter pbl kap 32 vert med dette avslutta.

Vedlagt følgjer faktura med gebyr for kommunen si handsaming av ulovlegheitssak, jf punkt 12.1.1 Avdekking/påvisning av ulovleg tiltak i kommunen sitt gjeldande gebyrregulativ for tekniske tenester.

I Førehandsvarselet om pålegg om fjerning, av 6.7.2015 blei De gjort merksam om at De for seinare tiltak på eigedommen ikkje kan rekna med å anlegge midlertidig veg utan å søkje kommunen særskild. I inngåande dokument kommunen mottok 20.10.2015 om at tiltaket er fjerna, blei det opplyst at ei frittstående trebru var reetablert i traseen. Kommunen har ikkje motteke søknad på frittstående trebru, og ikkje dokumentasjon for å kunne vurdere om tiltaket er fritatt frå søknadsplikt etter Pbl. Kap. 20. Dersom tiltaket er søknadspliktig etter Pbl. Kap. 20 vil det gå det som eigen sak. Pålegg om fjerning av mellombels bru og kum i vassdrag vert avslutta.

VEDTAK:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, og lokal forskrift om gebyr for tekniske tenester, treff Meland kommune vedtak om handsamingsgebyr stort kr 4 000,-, jf punkt 12.1.1 i gebyrregulativet (avdekking av ulovligheit). For grunngjeving av vedtaket vert det vist til utgreiinga over».

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Midlertidig bru før fjerning fra bekk
Stålpate løftet fra bekk og midlertidig plassert (1)
Brufundament ute av bekk

Mottakere:

Oddvar Berge